

Besøksforvaltningsprosjektet

Orientering om framdrift til verdsarvrådet, siste halvår sjå med blå skrift

Utviklinga av den nye **besøksforvaltningsplanen** er støtta av staten og forskingsfondet av di dette er viktige å utvikle både nasjonalt og internasjonalt. Målet er berekraftig og bruksretta besøksforvaltning, der vi tek handa på rattet og styrer utviklinga i den retninga vi vil dei ulike delane av kommunen skal utvikle seg. Vi brukar landskapsområdeinndelinga frå landskapsanalysen som overordna grep.

Vegen blir til medan vi går:

Planlagt prosess for å utvikle ein felles besøksforvaltningsplan ser slik ut:

1. **Ressurskartlegging- steg 1:** Folkemøte i alle kommunar – innspel frå lokalbefolkning, næringslivsaktørar og kommunal forvaltning om attraksjonar, opplevingar og aktivitetar. Vår 2015.
2. **Gjesteundersøking:** Innspel frå folkemøta – viktige tema som vart med i spørjeundersøkingane frå TØI. Sommar 2015.
3. **Verdiskapingsundersøking:** kven legg att pengar kvar (NMBU-TØI). Vinter 2015-2016.
4. **Medverknad i planprosessen:** Undersøking av planlegging og forvaltning, samarbeid og involvering av brukargrupper og aktørar i landskapsressursanalysen (NMBU)
5. **Utkast overordna landskapsanalyse,** innarbeiding av innspel frå folkemøta. Landskapskart, landskapsområde og landskapstypar, verdsarvverdiar naturprosessar (utvikling av fjordlandskap og aktive geologiske prosessar) og landskapsbilde (landskapskarakter og inntrykksstyrke) vinter og vår 2016.
6. **Kvalitetssikring og fagleg innspel:** forvaltarar og planleggjarar, faglege innspel frå referansegruppe og faggruppe) vår 2016 og vidare utover.
7. **Utkast landskapsanalyse steg 2:** Faglege innspel frå referansegruppe og faggruppe. Høyring haust 2016 og vinter 2017.
8. **Metodeutvikling - Implementering** i offentleg planlegging og forvaltning: samarbeid med forvaltarar og planleggjarar for korleis vi kan bruke denne kunnskapen i overordna forvaltning og planlegging i kommunane, i verneområda, på fylkesnivå.
9. **Forankring og utvikling** av praktisk arbeidsreiskap:
Test kommune: fyrst i Aurland og Stranda kommunar, deretter ut i alle kommunar
Test verneområde: fyrst i samarbeid med verneområdeforvaltning for Nærøyfjorden. Samordning av kartlegging av sårbare område. Utvikling av tiltak og strategiar. Jobbar fram strategi i lag.
Test destinasjonsselskap: Visit Sogndefjord: Implementering i lag og foreningar
Test destinasjonsutvikling: Destinasjon Trollstigen og Geiranger: landskapskart som grunnlag for sertifisering som berekraftig reisemål. Haust 2016, utsett til haust 2017.
10. **Forankring og implementering**
Evaluering av erfaringar frå arbeidet i Aurland og Stranda, vidare samarbeid i alle kommunane som deltek i prosjektet. Hausten 2016 og vidare utover.
11. **Formidling av funn og erfaringar** frå prosjektet. Planlegging av sluttkonferanse. Haust 2016. førebuing og mogleg samarbeid med NMBU og Vestlandsforskning, MMV10.
12. **Utkast til strategiar for besøksforvaltning i verneområda** er samstundes innhenting av innspel til strategi for verdsarvområdet med innfallsportar. vinter 2017.

HAUSTEN 2017:

13. **Forankring og medverknad i utvikling av mål og strategiar** for besøksforvaltning. Innspel til planen frå opne folkemøte, møte i lag og foreningar, reiselivsorganisasjonar, verneområde-styre, kommunale organ og nemnder. **Utvikling av visjonar og mål** for ulike landskaps-område, **vurdering av tålegrense** for akseptable endringar. Vinter 2017 og vidare utover.
14. **Utkast til besøksforvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap** haust 2017
Utkast til plan sendast på høyring, fyrst til prosjektpartnerane Sept.2017.
Temakart - gjennomgang med planleggjarane i dei fire prosjektkommunane.
Workshop med prosjekt-partnarane oktober 2017 (Geiranger og Nærøyfjorden).
internt høyringsdokument frist 22. okt. - Invitasjon til alle om korleis vi best kan implementere planen, forankre prosessane i kommunestyre, verneområdestyre, anna offentleg forvaltning, privat næringsliv, lokalsamfunn og store næringsaktørar elles.
15. **Formidling** av funn og erfaringar frå prosjektet. Planlegging av Sluttkonferanse - februar 2018 (Grøn fjord 2020) og oktober 2018 (Aurlandsdagane).
16. **Søknadar om finansiering for vidareføring** av viktige oppgåver, tema og tiltak. Som td. sluttkonferansar i 2018. Hausten 2017.
17. **Innarbeiding av innspel og ny kunnskap** frå undersøkingar frå sommaren 2016 og 2017 i andre FoU-prosjekt og andre prosessar. Td. Vandreporsjekt, sti og løypeplan, berekraftig reisemål, Sustrans, Cruise-prosjekt mv. Innarbeiding av innspel frå medlemmer og andre aktørar med møterett i vestnorsk fjordlandskap. Hausten 2017.
18. **Siste utkast til besøksforvaltningsplan til høyring og handsaming i verdsarvrådet** for Vestnorsk fjordlandskap seinhausten 2017. Uttale frå rådet for Vestnorsk fjordlandskap 7.-8.-nov. Innarbeiding av innspel før utsending på høyring i tre veker? Spørsmål: Er det ynskjeleg og mogleg å få til eit vedtak i verdsarvrådet før jul – i prosjektperioden?
19. **Sluttrapportering** besøksforvaltningsprosjektet desember 2017/vår 2018.
20. **Framlegging av erfaringar** og funn på konferansar i Geiranger og Nærøyfjorden, slik at flest moglege av aktørane får delta. Framlegging av funn frå prosjektet på MMV9, sept 2018.
21. **Erfaringar frå vidareføring og implementering av planen**, vidareutvikling av metoden og evaluering av **planprosessar** på MMV10 Konferanse 2020 i lag med NMBU og Vestlandsforskning i Sogndal og i Nærøyfjorden.

Prosjektleder Hanne Lykkja orienterer om planutkast og viser kor langt vi er komne på møtet.

Hanne Lykkja

Prosjektleder

Erling Oppheim

Prosjektleder